



Saksframlegg

Arkivsak-dok. 24/2702-4
Saksbehandler Liv Kirsten Eide

Utvalg	Møtedato
Kommunestyret	25.09.2025
Miljø- og teknisk utvalg	10.09.2025

Forvaltningsplan for grågås for Risør og Gjerstad - endelig godkjenning

Kommunedirektørens forslag til vedtak

Risør kommunestyre vedtar Forvaltningsplan for grågås for Risør kommune og Gjerstad kommune 2025 – 2028 og ber Statsforvaltaren i Agder om å stadfeste lokal forskrift om tidlegare jaktstart i samsvar med Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktsesongene fra og med 1. april 2022 og til og med 31. mars 2028.

Vedlegg

FORVALTNINGSPLAN FOR GRÅGÅS - til behandling september 25

Høringsuttalelse - Risør viltlag

Uttalelse til høring av forvaltningsplan for grågås i Risør og Gjerstad kommuner 2025 - 2028

Kort resymé

Det er laga felles forvaltningsplan for grågås for Risør og Gjerstad som har vore ute på høyring og som no skal til slutthandsaming.

Det er kome to innspel. Deler av innspela vert tekne til fylgje og innarbeida i planen.

Føremålet med lokal forvaltningsplan er å få lokal forskrift om tidleg jakt, ved at jakta startar 21. juli i staden for 10. august, for å redusera skaden grågåsa gjer på jordbruksareal i aktiv drift.

Kommunestyret sitt vedtak om lokal forvaltningsplan for grågås er grunnlaget for å søkja om lokal forskrift om utvida jakttid i samsvar med «Forskrift om jakt- og fangstsesongene frå og med 1- april 2022 til og med 31. mars 2028.»

Saksopplysninger

Det er kome to innspel i samband med høyringsrunden.

Merknader frå Statsforvaltaren i Agder.

Om tidleg jaktstart

Kommunen sitt forslag til forskrift om tidleg jaktstart er i samsvar med Miljødirektoratet sine retningslinjer, nemleg at jakta kan skje i tidsrommet frå kl. 04.00 til kl.10.00 som er innanfor tidsramma i forskrifta. Retningslinjene frå Miljødirektoratet seier vidare at jakta som hovudprinsipp skal skje i tilknytning til jordbruksareal i aktiv drift. Kommunen sitt forslag til forskrift er i samsvar med dette prinsippet, men har ikkje omtala tilknyttinga til jordbruksarealet utover dei fyrste 5 dagane. Statsforvaltaren tilrår at dette òg vert omtala i forvaltningsplanen.

Om friområde

Statsforvaltaren syner til retningslinjene frå Miljødirektoratet og meiner at ein i forvaltningsplanen må skildra friområda nærare enn det som er gjort. Ein må, i tillegg til å syna til konkrete friområde, skildra for kvart område funksjon, tilstand, beitepotensiale og framtidig skjøtsel/forvaltning for kvart område. Vidare heiter det at ein må skilja på områder der grågåsa kan beita i fred før jakta for å unngå beiteskader og friområder under jakta.

Det heiter «Etablering og framtidig skjøtsel av friområder bør ha høy prioritet som forvaltningstiltak, og inngå i tiltaksplanen for oppfølging av planen.»

Om førebyggjande tiltak

Kommunen må gjera greie for korleis dei førebyggjande tiltaka skal brukast og integrera det i tiltaksplanen.

Om omgrepsbruk

Kommunen har nytta omgrepet «flykande fugl» noko statsforvaltaren tolkar til å vera «flyvende fugl». Statsforvaltaren ber kommunen bruka omgrepet «flyvende fugl» som er i samsvar med omgrepa nytta i forskrift om jakt- og fangsttider m.m.

Merknader frå Risør viltlag

Til kapittel 9 om jakt meiner viltlaget at forskrift om jakt og jakttider § 7 gjev høve til å gje dispensasjon til å jakta på våren før kyllingane vert klekte. Argumentet er at slik jakt vil vera meir effektiv for å regulera grågåsbestanden enn tidleg jakt i juli då det er mykje hyttegjester og lite grågås i kommunen.

Vidare peikar viltlaget på at grunneigarane og jegerane godt kan samarbeida om jakta. Det vert nemnt bruk av lokkegås, kviledagar mellom jakta, planlagde jaktdagar der fleire jegerar jaktar samstundes, samarbeid mellom naboar og ev utsett pløying om hausten.

I kapittel 9 om jakt og jaktorganisering viser planen til korleis Bergen kommune organiserar si utvida jakt. Vårt viltlag meiner at dette er for omfattande og bør bytast ut med noko som høver for vårt område. Jordene våre ligg svært sprett så soneinndeling vil ikkje vera naudsynt.

Viltlaget foreslår teksten:

«Fra og med 21. juli til 10. august: jakt kan bare skje mellom klokken 24.00 til 10.00 og 16.00 til 22.00 kun på flygende fugl over aktivt drevne innmarksareal og gjødslet beite, og inntil 30 meter fra slike areal.

Det anbefales å vente 2 – 3 dager mellom hver jakt for å øke sannsynligheten for at gjessene blir lenger i området og dermed gir flere skuddsjanser.

Fra og med 10. august er det ordinær jakt i henhold til forskrift om jakt og fangsttider.»

Viltlaget foreslår at det i fangstrapporteringa til kommunen vert opplyst om kor mange grågås som er skotne, kor mange dagar jakta varte og kor mange grågås ein har sett. Det kan gje grunnlag kva ein kan forbetra og gjera meir effektivt.

Andre endringer

Ove Martin Gundersen, som er prosjektleiar for grågåsprosjektet i Norges Bondelag, opplyser at grågåsappen som er nemnt i avsnittet om fangstrapportering er avvikla og ein tar derfor dette ut av planen.

Det er etablert grågåsforum som Statsforvaltaren i Agder har ansvar for. Kommunane har delteke på ei samling der representantar frå både Statsforvaltar, Norges Bondelag v/gåseprosjektleiar og representant frå NINA var med i tillegg til fleire kommunar i Agder.

Økonomi

Ingen konsekvens for kommuneøkonomien.

Kommuneplan

Ikkje relevant.

Folkehelse og levekår

Ikkje relevant.

Klima og miljø

Endring i klima har ført til auka grågåsbestand i vårt område. Auken i bestanden er så stor at det fører til omfattande skade for jordbruket. Det er derfor trong for å redusera bestanden gjennom ordinær jakt. Ordinær jakt opnar 10. august og då har grågåsa flytta seg ut av våre områder. Derfor er det trong for å starta tidlegare med jakta. Det er grunneigarane gjennom jaktlaga som må organisera jakta.

Næringsperspektiv

Grågåsa et gras i så store mengder at det går utover produksjonen/avlingane til bonden. Kvar gås et 1 kg gras pr dag. Dersom 150 slår seg ned på eit jorde og er der i 7 dagar et dei gras tilsvarende 1 rundball.

I tillegg vert resten av jordet/avling forureina av grågåsekskrement (som klistrar seg til grasstråa) og er ikkje brukande som husdyrfôr – i alle fall ikkje til mjølkekyr.

Begge deler innebær tapt avling og kostnad for jord- og husdyrprodusentane.

Vurderingar

Innspel frå Statsforvalaren	Kommentar
Tidleg jaktstart skal berre skje over jordbruksareal i aktiv drift	I fylgje forskrift om jakt og fangsttider er det eit vilkår at jakta dei fyrste 5 dagane skjer på <u>flygande fugl over jordbruksareal</u> . Etterpå skal jakta skje i tilknytning til jordbruksareal, men ikkje berre på fugl i lufta over desse. Det er no tatt inn/gjort tydeleg i forvaltningsplanen i kapittel 9 om jakt.
Friområde	Det er gjort tydeleg i planen kor viktig friområde er og det er tatt inn tiltak knytta til dette i tiltaksdelen
Omgrep	Plan og forskrift er skreve på nynorsk, noko ein har høve til i offentleg forvaltning – fykande fugl vert retta til flygande fugl.
Innspel frå Risør viltlag	
Tidleg jakt på våren før klekking av kyllingar. §7 opnar for ein slik dispensasjon	Det er Miljødirektoratet som etter nemnte paragraf kan gje dispensasjon frå forskrifta om jakt og fangsttider. Tvedestrand kommune har prøvd å få slik forskrift, men nådde ikkje fram. Våre fagfolk i Bondelaget og NINA tilrår at me må bruka dei verktøya me har fyrst – altså tidlegjakt. Ein kan arbeida mot mål om vinter/vårjakt og det arbeidet er det naturleg at fleire kommunar går saman om og at det skjer i regi av samarbeidsforum for gås for Agder.
Samarbeid om jakta og jakttider Kap 9	Ein er samd i at måten organiseringa av jakt skal skje på må passa for lokale tilhøve. Bergen sin måte å organisera tidlegjakta på, var meint som eit døme på organisering. I tiltaksplanen er det tatt inn at grunneigarsamarbeid må til. Det er ikkje høve til jakt både i tidsrommet kl. 24.00 – 10.00 <u>og</u> kl. 16.00 – 22.00 fordi forskrifta spesifikt seier «eller» og ikkje «og» mellom tidsromma. Det er derfor valt kl. 04.00 – 10.00 basert på erfaring frå dei som har jakta grågås.
Fangstrapportering Kap 9	Forslag til innhald i fangstrapport tar ein med når dette skjemaet vert utarbeida og i dialog med bønder, grunneigarar og jegerane. Det er viktig med god informasjon slik at ein kan få effektiv forvaltning.

I 2025 er òg det registrert meir grågås enn tidlegare år. Grågåsa har til dømes beita både på Tangen (nord i Gjerstadvatnet) og på prestegården i Gjerstad. Desse to stadane har ikkje grågåsa vore før. På Eikeland har grågåsa vore over lang tid i sommar, tidlegare har den berre vore innom.

Oppsummert er det gjort fylgjande endringar i planen

Kap 6 - Konfliktområder	Nytt avsnitt om dei økonomiske konsekvensane for jordbruket
Kap 7 - friområde	Endra og tatt med innspelet frå statsforvaltaren
Kap 7 - økonomiske verkemidlar	Har tatt inn noko om produksjonstilskot i jordbruket
Kap 9 – jakt	Presisert at det er jakt i tilknytning til jordbruksareal

Kap 9 – fangstrapportering	Tatt inn innspel frå viltlaget
----------------------------	--------------------------------

Kommunedirektørens konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtar forvaltningsplanen for grågås slik at Statsforvaltaren kan godkjenna lokal forskrift frå og med 2026.